



Siv. ing. Vidar Mjøse

Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN

Tlf. 55 59 82 62 faks 55 59 82 57

vidar-mj@online.no

# notat

N4 28. 01. 2014

## Hordabøheimen. Bruksendring. Brannteknisk.



Anlegget er samansett av eit hovedbygg utført i mur / betong i to etasjar med loft og delvis kjellar, og eit nyare einetasjes tilbygg utført i tre, samanbunde med eit mellombygg.

Anlegget har vore nytta som aldersheim med om lag 30 pasientrom og 6 servicebustader i tilbygget.

Bygningane vart oppgraderte i 1992 (tilbodsteikningar frå Artec, med handpåskrivne merknader til det branntekniske).

Til den tidlegare bruken av anlegget - som alders og sjukeheim - har det vore strenge krav til det branntekniske.

Den planlagde bruksendringa - til bustadføremål, utan vesentleg ombygging, eller seksjonering - vil neppe skapa behov for, eller medføra krav om, vesentleg brannteknisk oppgradering så lenge den

nye bruken ikkje medfører søknadsppliktige (etter pbl § 20) bygningsmessige endringar som berører dei branntekniske hovedelementa : brannveggar, rømningsvegar, brannceller og varslingsanlegg.

Utdrag frå SAK10 :

#### § 4-1. Tiltak som ikke krever søknad og tillatelse

Oppføring, endring, fjerning, riving og opparbeidelse av følgende tiltak som er i samsvar med plan- og bygningsloven § 1-6 andre ledd, er unntatt fra kravet om byggesaksbehandling:

Følgende mindre tiltak i eksisterende byggverk:

1. Ikke-bærende vegg innenfor en branncelle eller et lydrområde
2. Installering, endring og reparasjon av våtrom og enkle installasjoner i eksisterende byggverk innenfor en bruksenhet eller branncelle
3. Installering, endring og reparasjon av ildsted i eksisterende byggverk innenfor en bruksenhet eller branncelle

Det kan vera behov for betre informasjon om rømningsvegar og slokkeutstyr (oppslag / skilting, norsk / engelsk). Det kan også vera behov for oppgradering av varslingsanlegg.

Føreliggjande tilstandsrapportar og rapportar frå branntilsyn kan vera til hjelp for slike vurderingar.

Vesentlege søknadsppliktige inngrep som berører det branntekniske vil kan hende kreva prosjektering med brannteknisk spesialkompetanse. Dette må vurderast av bygningsstyresmaktene i aktuelle tilfelle.

Eit informasjons- og samordningsmøte mellom seljar, kjøpar og bygningsstyresmaktene kan vera nyttig, så snart den aktuelle bruksendringa er dokumentert og omsøkt.